



BETRE TVERRFAGLEG INNSATS

Birgit Frantzen
Prosjektleder


Betre Tverrfagleg Innsats (BTI) er eit samhandlingsprosjekt som er initiert av Helsedirektoratet. Det skal sikre tidleg og koordinert innsats for barn, unge og familiar som treng hjelp. Prosjektet går på tvers av sektorar og handlar om å kunne gi rett hjelp til rett tid. Modellen har tre fokusområder, som er avgjerande for å kunne tilby rett hjelp til rett tid: At vi er gode på å lytte til barnet, å involvere foreldre i eit likeverdig, reelt samarbeid og at tenestene kjenner kvarandre.

HANDLINGSRETTLEIAR

I Sund kommune finn vi løysingar i lag. Når vi no vel å implementere BTI-modellen i Sund er det i håp om at dei gode løysingane skal verte meir standard, at ein kjem fram til dei så tidleg som mogleg og at ingen barn faller gjennom. Det er laga ei handlingsretteleiar som skal vere ei hjelp for skular og barnehagar når dei har ei uro kring eit barn. Denne finn du på www.sund.kommune.no/oppvekst/betre-tverrfagleg-innsats. Målet er å bli endå betre på å finne gode løysingar i lag med barnet det gjeld, i lag med familiane og i lag med kvarandre.

NASJONAL KONFERANSE 13.-14. NOV.

13. og 14. november var det nasjonal nettverkssamling for BTI på Gardermoen, med tema barns medverknad. Her fekk vi konkrete døme på korleis ein kan leggje til rette for barns medverknad, det vart sett fokus på barn som pårørande og vist døme på godt arbeid med implementering av BTI. Alle foredrag kan sjåast under «BTI-nytt» på www.forebygging.no



Silje Steinardotter Hasle frå Barneombudet snakkar om barnekonvensjonens artikkel 12.



STAFETTLOGG



Eit verkty for å sikre kontinuitet i hjelpa er stafettloggen. Ei stafettlogg handlar om å skriftleggjere og evaluere tiltak, saman med den det gjeld, heilt frå ei utfordring vert oppdaga. I tillegg til familien er barnehagen og skulen dei som er tettast på barnet. Dei har eit ansvar til sjølv å ta tak i ei gryande uro, undersøke og prøve ut tiltak systematisk, i tett dialog med barnet og foreldre over ei avgrensa periode. Det er ofte enkle tiltak som skal til. Å møte eleven 5 minutt tidlegare, at mor kjøper ny vekkarklokke, at eleven har tilgang på eige toalett - små ting som er viktige for barnet men som vi ikkje tenkjer på om vi ikkje lyttar. Dersom tiltaka ikkje fører fram, skal tenestane rundt vere lett tilgjengelege for å bidra. Eilogg gjer at ein lettare ser kva som har effekt, og at ein slepp å byrje på nytt ved overgang til t.d. ny avdeling, skule eller byte av lærar.

Det vil arrangerast kurs og workshops for barnehagar og skular i å føre stafettlogg. Nokon frå barnehagane har allereie deltatt på ein, der vi hadde med Siw Kleiven frå Furuly barnehage på Askøy. Ei lita gruppe frå [Skogsvåg skule](#) og [Klokkarvik barnehage](#) får og vere med å prøve ut ei *elektronisk* stafettlogg. Fleire kommunar har gode erfaringar med dette.

RESSURSTEAM



kva som kan hjelpe i fortsetjinga.

Det er sett saman eit tverrfagleg team som skal bidra med innspel til kva hjelp som trengs, når tiltaka som er prøvd ikkje fører fram. Her sit representantar frå PPT, helsestasjon, kommunepsykolog, NAV, barnevern og psykisk helse & rustenester. Dersom det er relevant kan og Tiltak for funksjonshemma og/eller fysio/ergoterapeut delta. Erfaringane hittil er at å få tid til å reflektere i lag ofte gir ny innsikt og gjer at ein kjenner seg tryggare på kvar ein skal gå vidare. Den som bringer saken inn, tar med seg saken ut – forhåpentlegvis med tankar om kven og

INFO: Ressursteam er annakvar torsdag, stafethaldar bringer inn saker med samtykke frå føresette. Spørsmål kan rettast til birgit.frantzen@sund.kommune.no.

TIDLEG IDENTIFISERING AV RISIKO



I løpet av 2018 har helsetenestene i kommunen gjennomgått «Tidleg Inn», eit kompetansehevingsprogram i regi av nasjonale kompetansesentre (KoRus, RVTS, RKBU)

for å betre innsatsen kring avdekking og hjelp til barn som lever i familiar med vald, rus, eller psykisk uhelse. Ein jobbar no med å skriftleggjere rutinar og tiltak som er sett i verk. Arbeidet vil halde fram i 2019.

Nivå 3 = Når fleire tenester er inne over lang tid og barnet får ei «koordinator» som samordnar hjelpa.

Nivå 2 = Når ein eller fleire tenester utanfrå hjelper til, i tillegg til hjelpa på nivå 1.

Nivå 1 = Dei første tiltaka skjer på dei arenaer barnet er, dvs skule/barnehage/helsestasjon for dei aller yngste.

Nivå 0 = Kvardagen og arenaer der alle barna er. Her vert ei merksam på eit behov.

